



NMK Vikedal

Årsmelding 2022

VIKEDAL



Strålende resultater i Landsfinalane i år. Ingrid Dybvik Jensen vart nr. 3 blant damene i Egersund og Simen Johansen nr. 5 blant juniorane i Aremark.

Kanskje klarar nokon å gjera tilsvarande i senior Landfinalen i Vikedal 19. august i år?

Hovudsponsor:

Haugesund Sparebank



NMK Vikedal

Postboks 101
5583 Vikedal

VIKEDAL

Til alle medlemmer i NMK Vikedal

Vikedal, 7. februar 2022

Innkalling til årsmøte for NMK Vikedal 2022

Tid: Laurdag 11. februar 2023, kl. 13.00 – ca. kl. 15.30

Stad: Quality Hotel Maritim, Haugesund

Sakliste for årsmøtet:

1. Opning ved leiaren
2. Godkjenning av de stemmeberettigede
3. Godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden.
Val av ordstyrer, referent og 2 medlemmer til underskriving av møtereferat.
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Uttale frå kontrollkomiteen
7. Innkomne forslag
8. Fastsettjing av medlemskontingent og andre avgifter
9. Budsjett
10. NMK Vikedal sin organisasjonsplan
11. Val
12. Informasjon ang. Landsfinalen Bilcross Senior 2023
13. Avslutning ca. kl. 15.30

Eventuelle forslag ein vil at årsmøtet skal ta opp til diskusjon, må sendast styret seinast 28. januar til karina@nonslidbil.no

Endeleg saksliste med årsmelding, rekneskap og budsjett vert lagt ut på heimesidene til klubben seinast 4. februar.

For styret i NMK Vikedal

Karina Nonslid, leiar (sign.)

ÅRSMELDING 2022

• Hovedstyret si årsmelding

Hovedstyret har bestått av:

Leder: Karina Nonslid

Nestleder:

Sekretær: Elise Teistedal Amundsen

Gruppeleder, bil: Katrine Tveit-Runge

Gruppeleder, anlegg: Michael Jensen

Styremedlem MX: Ingrid Haugen

Styremedlem: Ørjan Strand Eikeland

Varamedlem: Geir Utaaker

Regnskap: Svein Erik Østbø

Styret har hatt 6 styremøter etter årsmøte. Regnskapsfører Svein Erik Østbø har deltatt på alle møter. Nestleder trakk seg fra sitt verv, styret har klart seg uten nestleder.

Styret bestemte seg tidlig for å ha en Kick off samling i sesongstart for å samle klubbens medlemmer og bli kjent. Opplegget var veldig godt med trening for 2 og 4 hjul, matpause og et lite lotteri.



I november hadde vi samarbeidsmøte mellom alle gruppene. Der ble vi enig om at dette skal vi fortsette med. Et på våren og et på høsten.

Men dette ønsker vi alle lykke til med sesongen 2023

Karina Nonslid

Leder for hovedstyret 2022



ÅRSMELDINGAR FRÅ KOMITEANE

• Bilgruppa

Bilgruppa har bestått av:

Katrine Tveit-Runge, gruppeleiar

Sindre Vikedal

Bjørn Magne Moland Enge

Amalie Rønnevik

Sigurd Kilane (ansvar for H-lisenskurs)

Året 2022 har vært ein bra sesong med mykje aktivitet på banen.

Felles årskontroll arrangert av bilgruppa blei utført i midten av mars. H-lisenskurs blei arrangert av Sigurd i mars. Det var 6 deltagarar som fekk fullført og godkjent teoridel samt praksiskøyring.

Årets første løp hadde me første helga i april og i juni kunne me endeleg arrangere ein skikkelig Todagarcross med mykje førerar og publikum. I september var det finale i Vestlandsmesterskapet. Også dette løpet blei kjørt som eit reint todagarsløp, men her var alle klassar på 4-hjul representert. Klubbløp arrangerte me i oktober. Sol og fint vær under heile løpet gjorde arrangementet veldig flott.

Totalt 22 treningar blei arrangert. Me har i år testa å ha ei liste med ansvar fordelt frå starten av året, dette har stort sett fungert greitt. Litt bytter har det blitt og nokre endringar i datoar i forhold til oppsett liste.

I år blei det arrangert 2 dagar med prøvekøyring for ungdom, eit kjempe bra opplegg som me ønsker å jobba videre med i sesongen som kjem. Me var heldige og fekk sponsa køyreutstyr av Bremnes Seashore og privatpersonar har bidratt med bilcrossbilar til desse prøvekøyringane.

Landsfinale senior skal arrangerast laurdag 19. august 2023. Me gler oss masse til å stå som arrangør for dette, og håpar mange frivillige er klare for å bidra med ulike oppgåver både før, under og etter landsfinalen.

Følgjande løp er approbert i 2023

29. april* BC, RC og CK

03-04. juni* Todagarcrossen bilcross (LF jr kvalifisering)

19. august Landsfinale - bilcross senior

16-17. september BC, RC og CK

30. september Klubbløp, alle greiner

**Det kan bli endring av dato på dei 2 første approberte løpa for å ikkje krasje med kvalifiseringsløp for seniorane, då me håpar at flest mogleg lokale klarar å kvalifisere seg til årets senior landsfinale på heimebane.

Sportslege resultater, bil:

I 2022 var me stort sett tilbake til det normale utan restriksjonar på aktivitetane.

- Bircross junior (10 aktive)

Antal aktive gjekk litt ned i år, etter at det er litt for mange som er blitt senior utan at mange nok nye har starta opp. Men om antalet er litt mindre, har dei likevel oppnådd svært gode resultater. Øverst står sjølvsagt 5. plassen til Simen Johansen i Landsfinalen for bircross junior 6. august i Aremark. Dette er det beste resultatet i junior og senior landsfinalane sidan Arne J. Skrunes vart nr. 4 på heimebane i senior i 1990. Beste resultat i junior har vore Daniel Holten med 11. plass i 2008 og Sølve Østbø med 12. plass i 2015. Robert Røgelstad vart nr. 73 av 120 deltakerar etter to gode og to dårlege omgongar. I sesongopninga på heimebane var det Mathias Haugland Rønnevik som var best av våre med 5. plass. I Bergen helga etter sikra Simen Johansen seg plass i Landsfinalen med 6. plass. I To-dageren var det Robert Røgelstad som sikra seg plass i Landsfinalen med 6. plass. I VM-finalen i Vikedal september tok Julian Helland ein sterk 3. plass, medan Simen vart nr. 6 og Robert nr. 7. Det var ingen av våre juniorar som satsa på Vestlandsmesterskapet i år, så dermed vart Simen best av våre på 10. plass. Simen Johansen kjørte fleire storløp i sommar. I Talentracet i Skien i juni vart han nr. 20, medan han vart nr. 15 i Sommarfestival i Aremark helga før Landsfinalen.

I klubbløpet i oktober var det Simen Johansen som gjekk til topps framfor Julian Helland og Mathias Haugland Rønnevik.

- Bircross (37 aktive)

Blant seniorane var det ein liten auke i antal aktive. Den mest aktive har nok vore Ole Lønning som har kjørt mange løp sist sesong med fine resultater. Beste resultatet var vel 4. plass under 2-dagaren i Bergen.

Thomas Hundseid Eikeland vart nr. 3 i sesongopninga i Vikedal framfor Eirik Aasbøe, Tobias Johansen og Eirik Sandvik. Helga etter gjekk Sølve Østbø til topps i kval.øpet i Bergen. I To-dagaren gjekk Sigbjørn Østbø til topps framfor Sølve. Bjørn Cato Aarekol vart nr. 5 og Thomas nr. 6. Eirik Aasbøe tok ein ny fjerdeplass i septemberløpet med Bjørn Cato rett bak.

I Talentracet tok Sølve ein fin 9. plass, Tobias Johansen 23. plass, Alexander Nesheim 39. plass.

I Landsfinalen for damer gjorde Ingrid Dybvik Jensen ein strålende innsats og kjørte inn til tredjepllass. Dermed vart det tur til NMK Galla i november for å motta bronsemedalje og plass i senior Landsfinalen.

I Landsfinalen for senior var det Sølve som gjorde det best med 25. plass. Sigbjørn vart nr. 32, Bjørn Cato nr. 52 og Ingrid nr. 106.

I klubbløpet i oktober Sølve Østbø sitt andre napp i vandrepokalen. Han vann framfor Sondre Hundseid Eikeland og Sigbjørn Østbø. Per-Gaute Østbø, Thomas Hundseid Eikeland og Stian Espenvold kom på dei neste plassane.

- Rallycross (2 aktive)

Åsmund Holten og Ivan Kallekleiv var einaste som kjørte rallycross for NMK Vikedal i år. Åsmund planla å kjøra NM, men dårleg resultat i første runde og kollisjon med Daniel sitt bryllup på andre runde, gjorde at satsinga vart redusert. Beste resultatet vart åttendepllass på Gol i august. Med 3 av 6 rundar vart det 17. plass i NM. Lokalt kjørte, og vann han, begge VM-rundane i Vikedal. Samanlagt vart han nr. 6 i VM

Ivan Kallekleiv kjører i klassen over 2400 ccm med Volvo 240. Han vart og nr. 17. i NM etter å ha kjørt 4 av rundane. Beste resultat var 11. plass på Gol. Ivan kjørte begge VM-rundane i Vikedal, vart nr. 2 i april og vann i september. Samanlagt vart han nr. 2.

- Crosskart (6 aktive)

Endre Stople Enge og Daniel Veland Skeie har gått opp i Crosskart 85 ccm (med gir), og kjører berre raskare og raskare. Daniel har kjørt mest i Vikedal, medan Endre har prøvt seg i fleire NM-rundar. Sidan han er yngst i klassen, klarar han ikkje å kjempa med dei beste enno, men det kjem nok med meir trening og erfaring.

Det var 4 crosskart Xtreme i klubben, men Rolf Gangdal har no selt sin. Glenn Olav Lothe (3 rundar), Rolf Gangdal (2 rundar) og Sigurd Kilane har deltatt i NM, men det var berre Sigurd som klarte å ta poeng. Ole Reidar Ljung har berre kjørt i Vikedal.

• MC-gruppa

MX-gruppa har bestått av:

Leiar: Nils Reimers
Kjartan Heggen
Kjetil Nilsen
Ingrid Haugen (repr. for barneidrett)

Sesongstart 2022 blei laurdag 19. mars. Siste treningsdag før jul blei 26. november. Alle syklar i MX skulen var overhala på dugnad før sesongen. 42 nye prøvde motocross for første gong. Før året var over blei det skrive ut meir enn 20 nye, nasjonale lisensar. Betalande medlemer i gruppa var ved utgangen av året 138. Då var det 2 utmeldingar slik at talet på nye i 2022 blei 40.



Klubben og MX-skulen sin popularitet har auka endå meir i 2022. Mykje på grunn av eit stort sprang i bane-kvalitet.

ANLEGG

Nyoverholt startgrind og eigen prepareringsmaskin har flytta Vikedal Motorbane opp ein divisjon. Vi har og fått tre nye sikkerhetsleierar slik at kapasiteten no er på 12 og kan operere med to på travle dagar. Vi har hat hjelp frå fire sertifiserte maskinførerar.

Det er viktig å fylgje etter med vedlikehald når aktiviteten på banen løftar seg. Systematisk vedlikehald gjer beste tryggleik. Skadetalet for 2022 har vore fem skader med behov for behandling. Bruken av banen har flytta seg forbi 1000 treningsøkter og på høgd med dei store på vestlandet. Skulebanen har fått fint topplag og held seg omrent fri for pyttar. Ny baneavkorting på den store banen gjer at banen er betre eigna for dei mindre klassane med assistansebehov. Nye reglar blir laga for avkorting i 2023.

Utsyrrsgarasjen er utvida med storleikar for større ungdom og voksne - samt at ein del utslite utstyr er erstatta med nytt.

AKTIVITET

Treningsaktiviteten har altså passert 1000 frå rundt 800 i fjar. Treningsamling i juli er no den nest største i landet med nær 50 deltakarar. I år nytta vi og banen i Sauda i opplegget.



*Sommarleiren til NMK Vikedal har vaks til den 2. største i landet!
Fellesareala er nok ein av grunnane.*

Arrangement av løp i klubbeserien for Nordfylket var største nyhende for året. Vi lånte inn både sekretær og tidsaking og fekk til eit framifrå løp med rundt 50 startande. Opplegget var eit samarbeid mellom klubbane på Karmøy, Vikedal og Sauda.

Det er gjennomført 420 dugnadstimar på skulen, rundt 100 på banen og 95 på sommarleiren. Dugnaden blir utført av ei brei gruppe føresette og aktive.

SPORT



NMK Vikedal utøverar på grinda i Sauda. Klubbserien fekk mange ut frå Vikedal på sitt første løp.

Deltaking i løp utanfor klubben har vore 28 startar. Det er veldig god framgang og skuldast først og fremst klubbserien. På eige klubbløp hadde vi i år med oppvisningsklassar.

ØKONOMI

Rekneskapsoppstillinga blei endra for 2021 for å få rettvisande, aktivitetsbasert rekneskap. Det var eit stort framsteg. Tilskota frå det offentlege aukar stadig basert på eit stort tal unge i gruppa. MX har hatt fire sponsorar på fast avtale pluss øyremerka prosjektløyvingar frå ideelle fond. Sponsoravtalane blir søkt fornya med same verksemndene for 2023 og 2024 - med auka årleg bidrag frå 20 til 35 000,- så langt har tre av fire er fornya. Det blir også lagt in nye søknadar om prosjektmidlar frå stiftingar og fond til prosjektlista nedst. Det har tilfalle gruppa lite og ikkje informasjon om økonomien gjennom

2022. Gruppa har difor styrt etter eigne anslag. Kontrollkomiteen er gjort kjend med dette og MX gruppa har lagt inn forslag til årsmøte om ei endring i oppgåvefordeling slik at hovudstyret får meir tid til økonomistyring. Det er nødvendig ettersom veksten ikkje ser ut til å minke.

Nye aktivitetar i 2023 blir i store trekk slik (frå gruppa sitt årsmøte)

- Skaffe hjullastar for vedlikehald
- Lage nytt hopp i bakken
- Halde treningssamling i juli
- Legge til rette for eiga tidtaking
- Gjere banen breiare
- Arrangere eigne treningsløp



Første løp på 11 år. Fornøgde deltakerar og publikum i Vikedal den 25. juni.

• Anleggskomiteen

Anleggsgruppa har bestått av:

Michael Jensen, leiar

Kjartan Heggen

Ole Lønning

Komiteen fungerar nok ikkje optimalt, og leiaren gjer for mykje av det som skal gjerast utan involvering av dei andre. Arbeid på MX-banen blir utført utan at anleggskomiteen er informert eller involvert.

I 2022 har det største arbeidet vore ferdigstilling av mur og gjerde frå nybygget ned mot start og oppussing av kiosken. Muren vart sett opp av VMA, medan Håland og Karlson leverte og monterte gjerdet.



Nytt, flott gjerde på kanten av muren med ekstra høgde i svingen til sikring mot mulige objekter fra banen.

Oppussinga av kiosken tok Karina/Olav og Rita/Audun på seg og fullførte med stil med hjelp av Per-Gaute på det elektriske. Kjell Stensland leverte nytt gulvbelegg, medan Halleraker Rør leverte ny varmtvannstank og røyrarbeid. Det verkar som alle er tilfreds med den nye organiseringa og salsluka under tak.



Nyoppussa kiosk litt før alt var på plass.

Etter første sving mot little pieces er det laga sandfelle mot MX-banen. Det er planen å pusse opp heile little pieces no før Landsfinalen.

Ellers er det utført mykje vanleg vedlikehald som plenklipping, klipping i skråningar, reparasjon av gjerder, skraping av bilbanane og slodding av depot.

BUDSJETT 2022 / REKNESKAP 2022 / BUDSJETT 2023

| Konto | Beskrivelse | Budsjett 2022 | | Rekneskap 2022 | | Budsjett 2023 | |
|-------------------------------------|--------------------------------|--------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| | | Debet | Kredit | Debet | Kredit | Debet | Kredit |
| 2021 | Rekvista | 2 000,00 | 0,00 | 1 315,00 | 0,00 | 2 000,00 | 0,00 |
| 2031 | Konsulenttjenester | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 2041 | Porto/telefon | 500,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 500,00 | 0,00 |
| 2051 | Annonser/reklame, hovedstyre | 1 000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 1 000,00 | 0,00 |
| 2081 | Publikasjonar, internett | 13 000,00 | 0,00 | 11 760,75 | 0,00 | 13 000,00 | 0,00 |
| 2121 | Tillitsmannsmøter | 40 000,00 | 0,00 | 18 692,80 | 0,00 | 40 000,00 | 0,00 |
| 2711 | Utmerkelser/gaver v/bryllup ol | 3 000,00 | 0,00 | 1 632,70 | 0,00 | 3 000,00 | 0,00 |
| 2805 | Renteutgifter/avdrag | 150 000,00 | 0,00 | 232 736,00 | 0,00 | 120 000,00 | 0,00 |
| 2811 | Gebyr, provisjon (bank, post) | 12 000,00 | 0,00 | 17 540,73 | 0,00 | 20 000,00 | 0,00 |
| 3315 | Innkjøp, varer (bil) | 81 000,00 | 0,00 | 170 712,63 | 3 304,00 | 151 000,00 | 0,00 |
| 3715 | Inntekter av eget salg (bil) | 0,00 | 137 700,00 | 4 200,00 | 234 756,00 | 0,00 | 242 700,00 |
| 4011 | Andre tiltak | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4022 | Utgifter, lotteri/bingo | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4031 | Utg. årsfest for vakter/medl. | 7 500,00 | 0,00 | 4 290,90 | 0,00 | 30 170,00 | 0,00 |
| 4042 | Reklameartiklar | 0,00 | 0,00 | 11 265,25 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4101 | Sponsorinntekter | 0,00 | 50 000,00 | 0,00 | 60 000,00 | 0,00 | 50 000,00 |
| 4111 | Andre tiltak | 0,00 | 30 000,00 | 0,00 | 36 226,17 | 0,00 | 35 000,00 |
| 4122 | Lotteri/bingo | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4132 | Inntekter, årsfest | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4142 | Salg av NMK-jakker/T-skjorter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 3 643,00 | 0,00 | 0,00 |
| 5034 | Leige av grunn til banen | 85 000,00 | 0,00 | 82 130,00 | 0,00 | 42 130,00 | 0,00 |
| 5044 | Straumutgifter | 70 000,00 | 14 500,00 | 107 048,53 | 54 202,53 | 100 000,00 | 65 500,00 |
| 5054 | Forsikring, anlegg | 29 000,00 | 0,00 | 28 815,00 | 0,00 | 32 000,00 | 0,00 |
| 5064 | Vassavgift/Renovasjon | 21 000,00 | 0,00 | 11 766,82 | 5 494,00 | 25 000,00 | 0,00 |
| 5084 | Diesel/bensin/brannslokere | 15 000,00 | 0,00 | 5 229,88 | 0,00 | 25 000,00 | 0,00 |
| 5104 | Publikumsområde/bygningar | 20 000,00 | 0,00 | 90 718,00 | 0,00 | 55 000,00 | 0,00 |
| 5834 | Reklameskilt | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 7941 | Kommunale tilskot (drift) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 8101 | Medlemskontingent | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 8801 | Renteinntekter | 0,00 | 200,00 | 0,00 | 3 053,00 | 0,00 | 200,00 |
| | Baneleige til hovedstyre | 0,00 | 269 600,00 | | 406 700,00 | | 575 100,00 |
| Totalt, hovedstyre og anlegg | | 550 000,00 | 502 000,00 | 799 854,99 | 807 378,70 | 659 800,00 | 956 500,00 |
| | | - 48 000,00 | | 7 523,71 | | 296 700,00 | |
| 3015 | Div. stemneutgifter | 9 000,00 | 0,00 | 9 000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3025 | Politi, lege, ambulanse (bil) | 57 000,00 | 0,00 | 57 000,00 | 0,00 | 214 000,00 | 0,00 |
| 3035 | Leige av parkeringsområde(bil) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 77 000,00 | 0,00 |
| 3045 | Approbasjon, billettavg. (bil) | 33 200,00 | 0,00 | 33 200,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3055 | Forsikring (bil) | 22 160,00 | 0,00 | 22 160,00 | 0,00 | 51 237,50 | 0,00 |
| 3065 | Reise- og oppholdsutg. (bil) | 22 000,00 | 0,00 | 22 000,00 | 0,00 | 28 700,00 | 0,00 |
| 3075 | Løpsavgifter, NMK | 7 500,00 | 0,00 | 7 500,00 | 0,00 | 52 000,00 | 0,00 |
| 3085 | Annonser, reklame (bil) | 7 500,00 | 0,00 | 7 500,00 | 0,00 | 27 500,00 | 0,00 |
| 3095 | Diverse porto, telefon (bil) | 6 500,00 | 0,00 | 6 500,00 | 0,00 | 27 500,00 | 0,00 |
| 3123 | Programutgifter | 12 000,00 | 0,00 | 12 000,00 | 0,00 | 13 000,00 | 0,00 |
| 3205 | Pokaler, premier (bil) | 45 000,00 | 0,00 | 45 000,00 | 0,00 | 22 000,00 | 0,00 |
| 3225 | Premiepenger, førerar (bil) | 8 240,00 | 0,00 | 13 680,00 | 0,00 | 75 000,00 | 0,00 |
| 3235 | TV-dekning | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 28 240,00 | 0,00 |
| 3255 | Eingangslisensar (kjøp) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3805 | Billettinntekter (bil) | 0,00 | 95 000,00 | 0,00 | 163 050,00 | 14 000,00 | 235 000,00 |
| 3825 | Startkontingent (bil) | 0,00 | 206 750,00 | 3 900,00 | 191 300,00 | 0,00 | 306 750,00 |

| | | Budsjett 2022 | | Rekneskap 2022 | | Budsjett 2023 | |
|--------------------------|--------------------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Konto | Beskrivelse | Debet | Kredit | Debet | Konto | Beskrivelse | Debet |
| 3845 | Sponsorinntekter (bil) | | 70 000,00 | 3 668,75 | 84 000,00 | 0,00 | 70 000,00 |
| 3855 | Parkeringsinntekter (bil) | | 17 000,00 | 0,00 | 29 100,00 | 0,00 | 29 250,00 |
| 3863 | Programannonser | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3873 | Salg, programblad | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3885 | Diverse, Overskot bud, startnr | 0,00 | 57 000,00 | 79 324,00 | 244 338,00 | 20 000,00 | 657 000,00 |
| 3895 | Depositum for mangl. lisensar | | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4065 | Kursutgifter, funksjonærer bil | 10 000,00 | 5 000,00 | 2 600,00 | 0,00 | 10 000,00 | 5 000,00 |
| 4095 | Junioraktivitetar | 20 000,00 | 0,00 | 1 100,00 | 0,00 | 25 000,00 | 0,00 |
| 4115 | Andre tiltak | | 75 000,00 | 0,00 | 79 647,25 | 0,00 | 75 000,00 |
| 4165 | Avgifter, tekn. årskontroll | 0,00 | 0,00 | | | 0,00 | 0,00 |
| 4225 | Personleg kjøreutstyr | 0,00 | 0,00 | 28 802,30 | 25 000,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4235 | Driftsutgifter | 0,00 | 0,00 | 7 642,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 5114 | BC- / RC-bane, vedlikehald | 50 000,00 | 0,00 | 41 236,78 | 0,00 | 90 340,00 | 0,00 |
| 7945 | Kommunale tilskot | | 25 000,00 | 0,00 | 23 417,39 | | 25 000,00 |
| 8105 | Medlemskontingent | | 24 000,00 | 0,00 | 23 651,62 | | 24 000,00 |
| 8405 | Treningsavgift, bil | 0,00 | 20 000,00 | 0,00 | 14 850,00 | 0,00 | 20 000,00 |
| 8415 | Treningslisensar, bil | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| | Baneleige til hovedstyre | 178 400,00 | | 275 200,00 | 0,00 | 441 900,00 | 0,00 |
| Totalt, bilgruppa | | 488 500,00 | 594 750,00 | 676 230,39 | 917 409,81 | 1 217 417,50 | 1 447 000,00 |
| | | 106 250,00 | | 241 179,42 | | 237 382,50 | |
| | | | | | | | |
| 3026 | Politi, lege, ambulanse (mc) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3036 | Leige av parkeringsområde(mc) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3046 | Approbasjon, bilstattavg. (mc) | 12 000,00 | 0,00 | 11 300,00 | 0,00 | 12 000,00 | 0,00 |
| 3056 | Forsikring (mc) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3066 | Reise- og oppholdsutg. (mc) | 0,00 | 0,00 | 2 400,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3086 | Annonser, reklame (mc) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3206 | Pokalar, premiar (mc) | 2 000,00 | 0,00 | 6 450,55 | 0,00 | 2 000,00 | |
| 3806 | Billettinntekter (mc) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3826 | Startkontingent (mc) | 0,00 | 2 000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 2 000,00 |
| 3846 | Sponsorinntekter (mc) | 0,00 | 80 000,00 | 0,00 | 80 000,00 | 0,00 | 140 000,00 |
| 3856 | Parkeringsinntekter (mc) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 3886 | Div. inntekter, motocross | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 50 000,00 | 80 000,00 |
| 4066 | Kursutgifter, funksjonærer mc | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | | |
| 4116 | Andre tiltak | | 65 000,00 | 0,00 | 103 973,45 | | 130 000,00 |
| 4216 | Innkjøp og oppbygging | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4226 | Personleg kjøreutstyr | 40 000,00 | 110 000,00 | 14 850,47 | 110 000,00 | 0,00 | 0,00 |
| 4236 | Driftsutgifter | 20 000,00 | 0,00 | 12 202,66 | 0,00 | 14 000,00 | 0,00 |
| 4316 | Leigeinntekter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 5124 | Motocrossbane, vedlikehald | 100 000,00 | 0,00 | 192 247,68 | 0,00 | 200 000,00 | 0,00 |
| 7946 | Kommunale tilskot | | 17 000,00 | 0,00 | 22 671,61 | | 23 000,00 |
| 8106 | Medlemskontingent | | 15 000,00 | 0,00 | 22 898,38 | | 25 000,00 |
| 8316 | Treningsutgifter, motocross | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 8406 | Treningsavgift, motocross | 0,00 | 15 000,00 | 42 000,00 | 98 800,00 | 0,00 | 30 000,00 |
| 8416 | Treningslisensar, motocross | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| | Baneleige til hovedstyre | 91 200,00 | | 131 500,00 | | 129 000,00 | |
| Totalt, MX-gruppa | | 265 200,00 | 304 000,00 | 412 951,36 | 438 343,44 | 407 000,00 | 430 000,00 |
| | | 38 800,00 | | 25 392,08 | | 23 000,00 | |
| | | | | | | | |
| Total sum | | 1 303 700,00 | 1 400 750,00 | 1 889 036,74 | 2 163 131,95 | 2 276 417,50 | 2 845 500,00 |
| | Resultat | 97 050,00 | | 274 095,21 | | 569 082,50 | |
| | | | | | | | |

| Investeringar | | Budsjett 2022 | | Rekneskap 2022 | | Budsjett 2023 | |
|---------------------------------|---------------------------|---------------------|---------------------|--------------------|-------------------|---------------------|---------------------|
| Konto | Beskrivelse | Debet | Kredit | Debet | Kredit | Debet | Kredit |
| 5304 | Publikumsområde/bygningar | 100 000,00 | 50 000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| 5314 | BC- / RC-bane, nyanlegg | 200 000,00 | 50 000,00 | 299 400,25 | 53 500,00 | 1 500 000,00 | 0,00 |
| 5324 | Motocrossbane, nyanlegg | 0,00 | 0,00 | 237 500,00 | 100 000,00 | 0,00 | 20 000,00 |
| 7904 | Speleidlar / VAF | 0,00 | 1 690 000,00 | 86 250,00 | 0,00 | 0,00 | 1 500 000,00 |
| Total sum, investeringar | | 300 000,00 | 1 790 000,00 | 623 150,25 | 153 500,00 | 1 500 000,00 | 1 520 000,00 |
| Netto investeringar | | 1 490 000,00 | | -469 650,25 | | 20 000,00 | |

Noter til rekneskapet:

1. Fordeling av inntekter:

Medlemskontingent, driftstilskot og Grasrotandel er fordelt mellom bilgruppa og MC-gruppa basert på registrerte medlemmer (50,81% bil, 49,19% MC).

Momskompensasjonen er fordelt etter grunnlaget frå kvar gruppe.

For å kompensera for dette, må gruppene betala 30% av inntektene sine i «baneleige» til hovedstyret.

2. Netto summar for klubben uten internfakturerings/-delinga er:

Rekneskap 2022:

| | |
|-------------------|--------------|
| Totale utgifter: | 1.481.349,74 |
| Totale inntekter: | 1.756.431,95 |
| Resultat | 275.082,21 |

Budsjett 2023:

| | |
|-------------------|--------------|
| Totale utgifter: | 1.713.317,50 |
| Totale inntekter: | 2.296.400,00 |
| Resultat | 583.082,50 |

3. Investeringar 2022:

Søknaden om speleidlar for nybygget vart innvilga i 2022, men det er ikkje levert sluttrekneskap enno. Speleidlane er kr. 1.500.000,- og momskompensasjonen rundt kr. 800.000,-. Desse midlane vil dekkja heile lånet me har i dag og vel så det. Speleidlane er lagt inn i budsjettet for 2023, medan momskompensasjonen har søknadsfrist 1. des. så dei vil nok ikkje bli utbetalt før i 2024.

4. Behaldning pr. 31.12.2022:

Innskot:

| | |
|-------------------------------|---------------------|
| Kassakreditt, 3241.06.00888 | Saldo: 269.143,43 |
| Foreningskonto, 3241.07.01056 | Saldo: 505.151,25 |
| Kasse | Saldo: 9.445,00 |
| Lån, 3240.83.90922 | Saldo: 2.080.474,00 |

Beretning fra kontrollutvalget i NMK Vikedal for 2022 til årsmøtet 2023

Kontrollutvalget har bestått av:

| | |
|--------------------|--------|
| Ole Sigve Leifsen | Leiar |
| Laila Strøm-Stange | Medlem |
| Steinar Høyvik | Medlem |

Kontrollutvalget har hatt tre fjernmøter, og har gjennomført kontrollutvalgets oppgaver etter lovnorm for idrettslag, § 21 Kontrollutvalg.

Etter vår mening viser NMK Vikedal sitt resultat at forsvarlig forvaltning og bruk av dets midler er benyttet i samsvar med lover, vedtak, bevilgninger og økonomiske rammer. Vi gikk inn i et 2022 med usikre kort på hånd, avvik i budsjett og rekneskap gjenspeiler dette, dog er det fleste poster selvforklarende og må sees i sammenheng med aktivitetsnivå.

Vi har noen kommentarer knyttet til styreforhold, budsjett og regnskap status pr 31.12.2022:

- Konto 2805, avvik her settes i sammenheng med ikke utbetalt budsjetterte spillemidler, og lånebehov da på et høyere nivå enn forutsatt
- Konto 5104, 5124,5304 og 5324 viser en del avvik i forhold til budsjett, her bes styre og utvalg tilstrebe en så god balanse som mulig, dog ikke forstått slik at styringsevne ved uforutsette hendelser lammer drift, samt at en ikke mister muligheter for søknad om spillemidler til investeringer.
- Konto 7904 spillemidler er ikke ubetalt, settes i sammenheng med direkte utbetaling og ikke forskuttert av Vindafjord kommune, her mangler totalrekneskap for prosjekt, m.a. inngjerding. Kontrollkomiteen ber NMK Vikedal ved hovedstyre ta lærdom av prosess til neste spillemiddelsøknad.
- Kontrollkomiteen ber Hovedstyre sikre at innkalling til styremøter, referater samt regelmessig økonomisk oversikt er denne i hende fortløpende
- Kontrollkomiteen ber Hovedstyre sikre at det foreligger styreinstrukser ihht til NMK sine lover
- Kontrollkomiteen ber Hovedstyre sikre at referater fra møter tydeliggjør ansvar med oppfølging av vedtak, hvem som er ansvarlig, tilliggende frister og at dette følger referat til sak er fullført.

Steinar Høyvik
Sign

Innkomne forslag:

Forslag frå MX-gruppa:

Grunnlag:

I ein periode har NMK Vikedal hat mest aktivitet på fire hjul. Frå denne perioden har saker om bil og anlegg flytta seg inn i hovedstyret. Stort saksomfang gir lange møter og likevel lite tid. I 2022 har hovedstyret for eksempel arbeida med gjerder, bom og tiltak på banen før Landsfinalen. Same år har anleggsgruppa ikkje hatt møte i det heile. Då er det tid for å sjå på oppgåvefordelinga i klubben.

Vanlig arbeidsfordeling i fleir-idrettslag er at aktivitet innanfor ei grein eller særforbund foregår i ei gruppe. Anlegg kan også vera ei gruppe. Hovedstyret held seg til overordna saksbehandling. Typisk økonomi og organisasjon. I NMK Vikedal er gruppeinndelinga vel etablert. Heile vegen til regnskapet. Forbetring av arbeidsfordelinga krev difor lite. Eit vedtak i form av instruks frå årsmøtet er nok:

Forslag til styreinstruks frå 2023:

1. Styreleiar skal sjå til at saker som skal behandlast i hovedstyret ligge innanfor eit felles, administrativt felt. Nye saker skal vera dokumentert i møteinkallinga. Saksfeltet er:
 - Budsjett
 - Økonomi
 - Organisasjon
2. Saker som hører til klubben sine sportslege aktivitetar og anlegg skal visas til gruppene.
Eksempel på saker som skal behandlast i gruppene:
 - Vedlikehald av anlegg
 - Tiltak for nyanlegg
 - Arrangement (løp, trening, teknisk)
 - Rekruttering (kurs, reklame, kom-og-prøv)
3. Gruppene sender vedtaksforslag med grunnlag til hovedstyret der kostnadsomfanget direkte eller over tid kan töye seg utover godkjent budsjettet. Hovedstyret skal og få saker som gripe inn i forholdet til myndigheter, lovverk og 3. part (naboar).
4. Gruppene er representert med plass og stemme i hovedstyret. Gruppene er:
 - Anleggsgruppa
 - Bilgruppa
 - MX Gruppa

Formål:

Arbeidsfordelinga skal likestille gruppene, forsterke demokratiet og gi betre nytte av medlemmene sin kunnskap og tid. Arbeidsfordelinga skal også gjere omfanget av kvart verv meir tydeleg.

Styret sin uttale:

Styret er positive til forslaget. Hovedstyret ønsker å legge til at instruksen må være slik at styret må ha beskjed om all økonomi - og søknader om penger (sponsor). Dette skal sendes til styreleder før søknaden blir sendt.

Forslag frå Kenneth Johansen motteke etter fristen og dermed ikkje handsama av styret i plenum:

- 1- Foreslår at NMK Vikedal innfører Sportity app.
 - a. begrunner dette med, lettere og følge med i depot, lettere og følge med om man ikke kan være tilstede og for å følge med i moderne utvikling
- 2- Ifbm Rekrutt/junior kampanje: Foreslår at for sesongen 23/24 blir gratis påmelding for alle under 18 år. Tenker da på i ordinære løp og treninger. Noe påmeldingsavgift ved event treningshelger og ved testing/førstegangstest.
- 3- Inngjerding i depot så medlemmer kan parkere biler fra trening til trening o.l. Dette må da være tidsbegrenset og mot vederlag pr uke/mnd. Trur det er ting som kan gjøres for å få inn folk utenfra Vindafjord

Leiaren forslår at årsmøtet sender desse 3 forslaga over til bilgruppa til vurdering,

Valkomiteen sitt forslag for 2023

Hovudstyre:

| | |
|----------------------|--------------------------------------|
| Leiar: | Karina Nonslid – PÅ VALG (1 år) |
| Nestleiar: | Katrine Tveit-Runge – PÅ VALG (2 år) |
| Sekretær: | Elise Teistedal Amundsen |
| Styremedlem: | Åshild Blikra – PÅ VALG (2 år) |
| Styremedlem bil: | Ørjan S. Eikeland – PÅ VALG (2 år) |
| Styremedlem, anlegg: | Ole Lønning |
| Styremedlem MX: | Ingrid Haugen |
| Varamedlem: | Geir Utaaker |

Rekneskap: Svein Erik Østbø - 1 år

Bilgruppa:

| | |
|--------------|--------------------------------------|
| Gruppeleiar: | Amalie Rønnevik |
| | Ørjan S. Eikeland – (styrepllass) |
| | Bjørn Magne Moland - PÅ VALG (2 år) |
| | Kenneth Johansen - PÅ VALG (2 år) |
| | Thomas H. Eikeland - PÅ VALG (2 år) |
| | Elise Dybvik Jensen - PÅ VALG (2 år) |
| | Sindre Vikedal |
| | Sigurd Kilane (kurs) |

Anleggskomiteen:

| | |
|--------------|--------------------------------------|
| Gruppeleiar: | Svein Bjarte Holten - PÅ VALG (1 år) |
| | Sondre Nordtveit - PÅ VALG (2 år) |
| | Rune Reimers - PÅ VALG (2 år) |
| | Ole Lønning – (styrepllass) |

MX-gruppa:

| | |
|--------------|---|
| Gruppeleiar: | Nils Reimers - PÅ VALG (2 år) |
| | Kjetil Nilsen - PÅ VALG (2 år) |
| | Sondre Nordtveit - (anlegg) |
| | Theodor V. Reimers (utøver rep.) - PÅ VALG (2 år) |
| | Ingrid Haugen - (styrepllass) |

Kontrollkomite:

| |
|---------------------------------------|
| Ole Sigve Leifsen - PÅ VALG (2 år) |
| Laila Strøm – Stange - PÅ VALG (2 år) |
| Steinar Høyvik |

Valgkomite:

| |
|--------------------------------|
| Trude Enge - PÅ VALG (2 år) |
| Kjetil Nilsen - PÅ VALG (1 år) |
| Nils Reimers |